

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 15/22. Styregodtgjersle til fjellstyremedlemene

#### **Saksopplysning/vurdering:**

Fjellstyret v/dagleg leiar tok i brev til Aurland kommune den 3.1.22 opp spørsmål om styregodtgjersler til fjellstyremedlemene. Dette vart gjort etter at fjellstyret i desembermøtet sitt hadde drøfta spørsmålet, under meldingar. Brevet til Aurland kommune ligg ved.

Bakgrunnen for at saka vart teken opp, var ordlyden i § 7 i Fjellova. Den lyder slik: «Fjellstyret skal ha ei rimeleg godtgjersle for arbeidet. Godtgjersla vert fastsett av kommunestyret etter etter framlegg frå fjellstyret, og vert utgreia av fjellkassa, jfr. § 11. Er det ikkje tilstrekkelege midlar i fjellkassa, vert godtgjersla utgreia av kommunekassa.»

Den 22. april hadde fjellstyreleiar og dagleg leiar eit møte med kommunen v/ leiar støtte og digitalisering, Beathe Ekhall Stentvedt. Der drøfta me korleis saka kunna handsamast i fjellstyret og i kommunen, og såg på døme på korleis det var løyst i eit par andre kommunar med fjellstyre (Verdal og Ullensvang). Konklusjonen vart at fjellstyret handsamar saka i første møte. Så vert fjellstyret sitt framlegg til satsar oversend til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak om godtgjersler gjeldande for 2022-23.

Når det gjeld nivået på styregodtgjersla, så har fjellstyret i 2020 og -21 nytta dei godtgjerslene som kommunestyret i 2019 vedtok for «andre politiske utval.» Desse er det vist til i brevet som vart sendt Aurland kommune i januar. I desember 2021 vedtok kommunen nye godtgjersler for politikarane, gjeldande som forskrift og publisert i Lovdata i februar 2022. Utdrag av forskrifta ligg ved, § 4 og 5, som gjeld faste godtgjersler og møtegodtgjersle. Forskrifta har og bestemmelsar om tappt arbeidsforteneste m.m.

Det viser seg at det som fjellstyret bygde på i 2020-21, «Andre politiske utval,» ikkje lenger er med som eigen kategori i dei sist vedtekne satsane til kommunen. Eg finn ingen kommunale nemnder som ser ut til å passa når det gjeld nivået på satsar. Ei mogleg løysing kan vera å indeksregulera dei satsane som fjellstyret har nytta dei siste to åra. Eg har fått opplyst frå økonomiavdelinga på rådhuset at lønsnivået i Noreg har auka med i gjennomsnitt 7,2 % i perioden 2019-21. Viss me legg til 3,5 % auke frå 2021 til -22, vert samla auke 10,7 %. Om ein nyttar dette prinsippet, vil leiargodtgjersla auka til kr 15.740, og godtgjersla til styremedlemene auka til kr 9.840 (mogleg å avrunda til næraste heile tusen). Møtegodtgjersla for møtande varamedlem aukar til kr 786, og godtgjersla for å

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 15/21, side 2.*

møta som fjellstyrerepresentant i andre møte vert kr 460 (kan avrundast til næraste hundre).

### **Framlegg til vedtak:**

Aurland fjellstyre gjer i samsvar med § 7 i Fjellova framlegg om at følgjande styregodtgjersler vert gjort gjeldande for fjellstyremedlemene og -varamedlemene for 2022 og -23:

Fast, årleg godtgjersle til fjellstyreleiar           kr .....

Fast, årleg godtgjersle til fjellstyremedlem       kr.....

Møtegodtgjersle til varamedlem, per møte:       kr.....

Møtegodtgjersle når fjellstyremedlem møter  
for fjellstyret i andre møte, per møte:           kr.....

Dekking av tapt arbeidsforteneste og anna utgiftsdekking for fjellstyremedlemar vert den same som for andre folkevalde i kommunen.

Fjellstyrekontoret, den 25.4.22

Harald Skjerdal

Fjellstyrekontoret, den 4.1.22

Til Aurland kommune v/ordfører og rådmann

**STYREGODTGJERSLER TIL MEDLEMAR I FJELLSTYRET**

Aurland fjellstyre drøfta i møtet sitt den 8. desember å starta opp ein prosess med sikte på å få vedteke nye styregodtgjersler, i samsvar med Fjellova. Her er utdrag frå sak 33/21 i møteboka til fjellstyret, meldingssak nr 6:

*... Det vart drøfta om fjellstyret på nyåret bør setja i gang ein prosess med sikte på å få kommunestyret til å gjera eit vedtak om godtgjersle til medlemene i fjellstyret, i samsvar med § 7 i Fjellova.*

Dei siste åra er det av fjellstyret nytta eit kommunalt regulativ for styreverv som var gjeldande for Aurland kommune i 2019, og som gav følgjande godtgjersler til fjellstyremedlemene:

***Styregodtgjersle fjellstyremedlemar:***

*Vert teke utgangspunkt i «Andre politiske utval» i Aurland kommune sitt regulativ for 2019.*

*Leiar: Fast årleg godtgjersle kr 14.221,-*

*Andre medlemar: Fast årleg godtgjersle kr 8.888,-*

*Varamedlemar: kr 710 per møte*

*Deltaking i andre møte som fjellstyreprer: kr 416,- per møte*

I følgje § 7 i fjellova, skal godtgjerslene til fjellstyremedlemene vedtakast av kommunestyret, etter framlegg frå fjellstyret. Godtgjersla vert betalt av fjellkassa, og har såleis ingen innverknad på kommunen sin rekneskap. Fjellstyret vil føreslå at fjellstyret og kommunen i fellesskap kjem fram til eit opplegg med sikte på kommunestyrevedtak om styregodtgjersler til fjellstyremedlemene som skal gjelda for 2022.

Helsing  
Aurland fjellstyre

v/Harald Skjerdal  
dagleg leiar

**Utdrag frå Lovdata: Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Aurland kommune.**

**§ 4. Faste godtgjersler**

Faste godtgjersle er meint å vere kompensasjon for meirarbeid med politisk arbeid, deltaking og førebuing til møter.

Folkevalde med fast godtgjersle kan få møtegodtgjersle per møte når vedkommande er valt av kommunestyret til å vere medlem i andre utval, styre, samarbeidsutval, eldreråd m.m.

a. *Kommunestyret*

Medlemmar i kommunestyre får ei fast årleg godtgjersle på kr 17 000,–

b. *Formannskap*

Formannskapet sine medlemmar får ei fast årleg godtgjersle på kr 40 000,–

c. *Levekårsutvalet og Plan- og eigedomsutvalet*

Leiaren i levekårsutvalet og Plan- og eigedomsutvalet får ei fast godtgjersle tilsvarande kr 22 000,– i året. Medlemmane får ei fast godtgjersle tilsvarande kr 17 000,– i året.

d. *Kontrollutvalet og administrasjonsutvalet*

Leiaren i desse utvala får ei fast godtgjersle tilsvarande kr 5000,– i tillegg til møtegodtgjersla per møte. Dette gjeld ikkje når ordførar eller varaordførar leiar administrasjonsutvalet. Tilsette sine representantar i administrasjonsutvalet får same godtgjersla som folkevalde medlemmar.

e. *Hamnestyret*

Styreleiar i hamnestyret får ei fast godtgjersle tilsvarande kr 22 000,– i året. Medlemmar får ei fast godtgjersle tilsvarande kr 13 000,– i året.

**§ 5. Møtegodtgjersle per møte**

a. For møtande varamedlemmar til kommunestyre, formannskap, levekårsutval, plan- og eigedomsutval er møtegodtgjersla kr 890,–

b. For møteleiarar i kontrollutvalet og administrasjonsutvalet er møtegodtgjersla kr 1040,–.

For møtande medlemmar og varamedlemmar til kontrollutvalet og administrasjonsutvalet er

c. møtegodtgjersla kr 890,–.

d. For møteleiarar i andre kommunale nemnder, utval, råd og styre valde av kommunestyre eller formannskapet er møtegodtgjersla kr 550,–.

e. Andre møtande medlemmar og varamedlemmar av kommunale nemnder, utval, råd og styre valde av kommunestyret eller formannskap er møtegodtgjersla kr 400,–.

Dette gjeld også for kommunalt valde representantar i andre styre og nemnder, der det ikkje vert betalt eiga godtgjersle.

f. Tilsette som deltek i møte som ein del av stillinga får ikkje møtegodtgjersle.